

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 18/563 -
Arkivkode: 650

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

| Utvalsaknr. | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| PS 77/18 | FORMANNSKAPET | 13.11.2018 |

UTTALE TIL SØKNAD OM LØYVE TIL OPPDRETT AV SETTEFISK AV LAKS OG AURE PÅ LOKALITET ONARHEIM II I TYSNES KOMMUNE

Søknaden med vedlegg er tilgjengelig her :

<http://www.tysnes.kommune.no/hoeyring-onarheim-bruk-as-soeknad-om-loeyve-til-oppdrett-av-settefisk-av-laks-og-aure-paa-lokalitet-onarheim-ii.6152493-312078.html>

SAKSUTGREIING:

Onarheim bruk AS søker om løyve til oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet Onarheim II, anlegget er landbasert og planlagt innanfor næringsareal i reguleringsplan for Alsaker Brygge Sør.

Hordaland fylkeskommune handsamar akvakultursøknader og har i ekspedisjon til Tysnes kommune 24.09.18 bedt om uttale til søknad i tillegg til at kommunen i samråd med tiltakshavar legg søknad ut til offentlig ettersyn.

Fylkeskommunen sin vurdering er at miljødokumentasjon i søknad gjev godt nok grunnlag for å vurdere om tiltak får vesentleg verknad for miljø og samfunn. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greiefor i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Tysnes kommune har sett merknadsfrist til 02.11.2018.

Omsøkt tiltak ligg i kommunalt forvaltningsområde og skal difor handsamast av Tysnes kommune etter Havne- og farvannslova § 27 første ledd, i tillegg Plan og bygningslova med avklaring mot kommune- og detaljreguleringsplanar.

For inntak av ferskvatn til anlegget så ligg det føre naudsynt vassdragskonsesjon, Tysnes kommune hadde følgande kommentar da søknaden vart handsama:

«Søknad om uttak av vatn frå Onarheimsvassdraget og regulering av Onarheimsvatnet kjem ikkje i konflikt med kommuneplan eller andre kjente planar i området.

Ålmentas interesse vert etter vår vurdering ikkje sett til side som følge av tiltaket.»

(Formannskap 19.04.17)

Når det gjeld plassering av anlegget så er det planlagt på areal avsett til næring i detaljreguleringsplan for Alsaker Brygge Sør, søknaden inneheld opplysningar om planlagte tiltak i ein grovmaska situasjonsplan. Tysnes kommune føresett at det kjem inn komplett søknad etter plan og bygningslova før anlegget vert etablert og ulike bygg oppført. I høve vidare handsaming kan me stadfesta at omsøkt tiltak er i samsvar med arealføremål i detaljreguleringsplan.

Det har tidligare vore settefiskanlegg med produksjon av rognkjeks i området, men det har ikkje vore produsert smolt dei siste 5 - 6 åra. I høve til søknad om utslipp til nytt postsmoltanlegg er det gjennomført ei miljøkartlegging og resipientvurdering der det vert konkludert slik:

«Granskinga tydar ikkje på at utsleppet til settefiskanlegget Onarheim har negativ innverknad på botntilhøva i området, og det er tilnærma uendra tilhøve sidan gransking utført i 2010. På ein stasjon såg det ut til at restar av sagflis i sedimentet hadde resultert i moderat tilstand med omsyn på normalisert TOC, og dette kan i så fall ikkje til-eign ast drifta på settefiskanlegget. Øvrige kjemiske analysar av sediment synta at alle stasjonar hamna i nest beste eller beste tilstandsklasse. For fauna hamna alle stasjonar i god tilstand, og i resipienten sin djupaste del var det god tilstand med omsyn på oksygeninnhald i botnvatnet»

Rådgivende Biologer rapport 2667.

I høve til strømmåling er følgjande konkludert:

«Straummålingane synta nokså jamne og sterke straumtilhøve i heile vassøyla , med liten skilnad mellom både snitt - og maksstraum på dei ulike måledjupa. Dei jamne straumtilhøva vil vere gunstige for spreining av partikulære tilførslar, og førekomst av sterk straum ved botn tyder på at ein vil ha hyppig førekomst av resuspensjon av sedimentert materiale.» (2667-2)

I ljøs av ovvannemde resipientvurdering og arealføremål i kommuneplan der sjøområdet er avsett til kombinert føremål i sjø AFFNF, kan Tysnes kommune ikkje sjå at omsøkt tiltak vil koma i konflikt med § 27 i hamne og farvasslova.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune kan ikkje sjå at søknad om landbasert postsmoltanlegg på omsøkt lokalitet Onarheim II vil koma i konflikt etter vurdering av arealføremål i kommune- og detaljreguleringsplan eller hamne og farvasslova § 27 første ledd.

Anlegget må søkast og godkjennast etter plan og bygningslova §§ 20-1(a og l) og 20-3 før etablering.

VEDTAK I FORMANNSKAPET 13.11.2018:

I samsvar med innstilling.